



Helse og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 DEP

0030 Oslo

Høyringsuttale

Forvaltningsreforma – Lovforslag om fylkeskommunen sine oppgaver i folkehelsearbeidet

Fylkesmannen i Rogaland gir si tilslutning til forslaget om ei forsterking og klårare formalisering av fylkeskommunen sin plass i folkehelsearbeidet. Dette følgjer av fylkeskommunen si rolle som planinstans for fylket, som regional utviklingsaktør og som forvaltar og pådrivar av partnerskap for folkehelse.

Når det gjeld punktet om forankring i eksisterande lovverk eller i eigen lov, meiner Fylkesmannen i Rogaland at ei forskriftsforankring med heimel i Plan og bygningslova vil vere mest tenleg. Helseomsyn i fylkeskommunal og kommunal planlegging har fått ei styrking i den reviderte lova, og ei forskrift kan gjere klårare kva oppgaver og ansvar som følgjer av dette for fylkeskommunen.

Høyringsnotatet seier lite om økonomi. Kommunal og fylkeskommunal økonomi set i dag grenser for utviklinga av partnerskapsarbeidet, som jo er ein svært viktig lekk i fylkeskommunen sitt folkehelsearbeid. Vi meiner det vil være nødvendig med auka tildeling av partnerskapsmiddel for å få folkehelsearbeidet skikkeleg på fote. Det er vanskeleg å invitere til nye partnerskap utan ein slik auke.

Økonomi set og grenser for talet på stillingar. Ein mangel i oppfølginga av partnerskapsordninga, sett frå Rogaland, at ho ikkje har ført til tilstrekkeleg bemanning i det fylkeskommunale apparatet. Utan økonomi til ei styrking av fylkeskommunen sin eigen kompetanse på folkehelseområdet, er det lita hjelp i ei lov- eller forskriftsfesting av ansvaret.

Det er ikkje sagt noko om kva kompetanse ein skal satsa på. Samfunnsmedisinsk kompetanse er mangelvare, og Fylkesmannen meiner at rein samfunnsmedisinsk kompetanse først og fremst bør finnast i kommunane, som er så viktige aktørar i folkehelsearbeidet.


Kommentarar til sjølve lovforslaget

I §4 blir fylkeskommunen pålagd å ha oversikt over helsetilstanden i fylket, samt faktorar som verkar inn på helsetilstanden, dette som grunnlag for folkehelsearbeidet. Ei muleg forskrift kan påleggje fylkeskommunen å gjennomføre eigne befolkningsundersøkingar.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

Fylkeskommunane rår normalt ikkje over kompetanse til store helseundersøkingar. Dersom dei skal gjennomføre slike, bør det skje i regi av t d Nasjonalt folkehelseinstitutt, slik at vi får same type undersøkingar i alle fylke. Dersom det er behov meir lokale og lokalt tilpassa kartleggingar/undersøkingar bør fylkeskommunen ta imot slike tenester frå instansar /organ som har kompetanse til slikt.

Med helsing



Arnd Michelsen
Assisterande fylkesmann



Pål Iden
Fylkeslege - avdelingsdirektør

Saksbehandlar: Pål Iden
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 60
E-post: pal.iden@fmro.no